



Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Møterommet, Midsund omsorgssenter
Dato:	12.02.2015
Tid:	15:00

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Parti
Einar Øien	LEDER	FRP
Frits Inge Godø	MEDL	V
Per Håvard Klauset	MEDL	SP
Arnstein Misund	MEDL	KRF
Odd Helge Gangstad	MEDL	SP
Anette Giæver Hoel	MEDL	SP
Olav Sjøvik	MEDL	KRF
Kolbjørn Ove Stølen	MEDL	H
Audun Hånes	MEDL	H
Stig Otto Dyrseth	MEDL	FRP
Ivar Blø	MEDL	FRP
Tor Jarle Sporsheim	MEDL	FRP

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Parti
Robin Mikal Sørлие	NESTL	H
Bjørn Wang	MEDL	V
Johan Oppen	MEDL	V
Lars Jarle Jensen	MEDL	H
Oddny Lisbeth Midtbø Rød	MEDL	FRP

Varamedlemmar som møtte:

Namn	Vara for:	Parti
Adrian Sørлие	Robin Mikal Sørлие	H
Anita Bugge	Bjørn Wang	V
Rolf Heggdal	Johan Oppen	V
Even Heggdal	Lars Jarle Jensen	H
Leiv Magne Ugelvik	Oddny Lisbeth Midtbø Rød	FRP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Ketil Ugelvik	Rådmann
Arild Sjøvik	Økonomisjef
Astrid Abelseth	Utvalssekretær

Underskrift:

Vi stadfester med underskriftene våre at møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.



Einar Øien

Audun Hånes

Tor Jarle Sporsheim

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 15/1	Underskrift	
PS 15/2	Referatsaker	
	Open post	
PS 15/3	Søknad om fritak frå politiske verv - Johan Oppen	2014/558
PS 15/4	Betalingssatsar kulturskulen 2015	2015/5
PS 15/5	Finansiering - ny P - plass ved friluftsområdet Rørsethorneret i Rakvåg - 63/106.	2011/25
PS 15/6	Midsund kommune - språkleg nøytral	2014/536

Den 12. februar 2015 vart det halde møte i Midsund kommunestyre på møterommet ved Midsund omsorgssenter.

Møtet vart leia av ordførar Einar Øien.

Møtet tok til kl 15.00.

Robin Mikal Sørлие (H), Lars Jarle Jensen (H), Bjørn Wang (V), Johan Oppen (V) og Oddny Lisbeth Midtbø Rød (FRP) hadde meldt forfall. Adrian Sørлие (H), Even Heggdal (H), Anita Bugge (V), Rolf Heggdal (V) og Leiv Magne Ugelvik (FRP) møtte som varamedlemar.

17 voterande.

Det var ingen merknader til innkallinga.

Sak 15/2 frå Arbeidsmiljøutvalet med vedtak, AMU ber om fortgang i bygging av nytt administrasjonsbygg pga dårleg inn klima på kommunehuset, vart delt ut på møtet.

”Faktahefte om innvandrere og integrering” vart delt ut på møtet.

Rita Valkvæ og Paul Gabor, frå Kompetansesenteret rus – Midt Norge, Presentasjon av Ungdata undersøkinga 2014.

PS 15/1 Underskrift

Samrøystes vedtak i Kommunestyret - 12.02.2015

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren vert valt Audun Hånes (H) og Tor Jarle Sporsheim (FRP).

PS 15/2 Referatsaker

Samrøystes vedtak i Kommunestyret - 12.02.2015

Protokoll frå møte i Midsund kommunestyre 18.12.2014 vert godkjent.

Open post:

Ordføraren orienterte:

- Antonbua – etter registrering av gjenstandar og ein plan for oppbevaring, kan førebels fredningsvedtak opphevast.
- Kjerringsundet – i rute – arbeid med reguleringsplan er i gang, forprosjekt, arbeid m/plan for bru, grunnboring i sjø og på land, vind- og straummålingar
- E-39 – i Statens vegvesen er 10-12 personar i gang med førebuingar. Planlagd kjerneboring i april – reguleringsplan skal etter planen vere ferdig i desember 2015.
- Kommunereform – Formannskapa i Aukra og Midsund hadde møte mandag 09.02.15, men det er ikkje konkludert. Det er plan om eit fellesmøte kommunestyra i begge kommunene der det vert invitert inn fleire med erfaring frå kommunesamanslåing.
- Delrapport I frå Telemarkforskning er klar og delrapport II vert lagt fram på felles ROR kommunemøte 23.02.15.

Frits Inge Godø (V) tok opp det han såg på som ei uheldig utvikling med at saker vert lagt fram på møte utan ei forutgåande sakshandsaming frå administrasjonen og viste til Kommunelova § 23 nr 2, 1. pkt ”Administrasjonssjefen skal påse at de saker som legges fram for folkevalgte organer, er forsvarlig utredet, og at vedtak blir iverksatt.” Godø framheva at det er viktig at nye saker har eit åpent innhald slik at m.a. habilitet kan vurderast. Det er uheldig at saker vert handsama i lukka møte og ikkje i kommunestyret som er det øvste organ.

Rådmannen orienterte:

- Møte i referansegruppe for E-39 15.01.15, der m.a. planprogram og bompengar var tema. Eit notat om bompengar vert lagt fram i slutten av februar. Prinsippsak vert då lagt fram for dei aktuelle kommunestyra.
- Kommunestruktur – 21.01.15 var det møte i ROR der erfaringar frå prosessar ved kommunesamanslåing av Kristiansund og Frei. Kristin Hille Valla informerte om korleis dei arbeider i Oppland med kommunereforma.
- Delrapport 2 – omhandlar økonomi - rådmennene har fått utkastet som skal leggjast fram på felles kommunemøte 23.02.15. Delrapport 3 om Gode og likeverdige tenester kjem 20.03, Rapport 4 om lokaldemokrati kjemi slutten av april. Siste rapporten vert lagt fram i slutten av mai
- Sak om inneklima på kommunehuset var sak på siste AMU-møte. (Utdelt)
- Fylkesmannen har godkjent Midsund kommune sin plan for kommunereform og vi har fått utbetalt 200.000,-

- Sjukefråvær vart 7,5 % i 2014 mot 5,6 % i 2013. For januar 2015 er det 6,8 % som er litt ned frå januar i 2014.
- Samhandlingsreformen. Gjennomføring av Ø-hjelps tilbod frå 01.01.2016. To alternativ: anten interkommunalt samarbeid med Molde eller etablere eigen teneste. I sak til møte i Helse- og omsorgsutvalet 26.02.2015 vert forslag om å etablere eigen teneste framlagt.
- ROR IKT arbeider med å få på plass ein Digitaliseringsstrategi og ein Tenestenivåavtale som vil bli lagt ut på heimesida. Dagleg leiar Sven Thore Prytz kan orientere nærare i marsmøtet. ROR IKT har eit mindreforbruk i 2014 og 150.000 er tilbakeført til Midsund kommune.
- Henning Opstad er tilsett som ingeniør på teknisk avdeling.
- Veronika Tangen er tilsett som fysioterapeut frå august 2015. Ho vert tilsett i 33 % kommunal del.
- Det vert gjort nokre bygningsmessige endringar i vaksenopplæringa sine gamle lokaler før fysioterapeut byrjar i august.
- Bibliotek – graving er i gang. Bygget skal vere ferdigstilt 24.07.2015
- Vaksenopplæringa flytter ut frå sjukeheimen etter skuleslutt 20.06, og flyttar inn i nye lokaler til skulestart.

Økonomisjef Arild Sjøvik orienterte om rekneskap for 2014, som syner eit mindreforbruk i underkant av 4 million kroner.

PS 15/3 Søknad om fritak frå politiske verv - Johan Oppen

Forslag til vedtak:

Johan Oppen (V) får fritak frå alle sine politiske verv ut valperioden, jf kommunelova § 15, nr. 1, jf § 14, nr 1a)

Som fast medlem i kommunestyret ut valperioden vert Rolf Heggdal (V).

Som leiar i Midsund kontrollutval ut valperioden vert Kåre Bjørnerem (KRF).

Som meddommar i Romsdal Tingrett ut valperioden vert valt ...

Behandling i Kommunestyret - 12.02.2015

Det vart påpeika at Johan Oppen framleis kan vere meddommar i Romsdal Tingrett ut valperioden sidan han er busett i Molde og framleis bur i domssoknet.

Det vart lagt fram forslag til vedtak:

Johan Oppen (V) får fritak frå alle sine politiske verv ut valperioden, jf kommunelova § 15, nr. 1, jf § 14, nr 1a)

Som fast medlem i kommunestyret ut valperioden vert Rolf Heggdal (V).

Som leiar i Midsund kontrollutval ut valperioden vert Kåre Bjørnerem (KRF).

Som nestleiar og fast medlem frå kommunestyret i Midsund kontrollutval ut valperioden vert Rolf Heggdal (V)

Samrøystes vedtak i Kommunestyret - 12.02.2015

Johan Oppen (V) får fritak frå alle sine politiske verv ut valperioden, jf kommunelova § 15, nr. 1, jf § 14, nr 1a)

Som fast medlem i kommunestyret ut valperioden vert Rolf Heggdal (V).

Som leiar i Midsund kontrollutval ut valperioden vert Kåre Bjørnerem (KRF).

Som nestleiar og fast medlem frå kommunestyret i Midsund kontrollutval ut valperioden vert Rolf Heggdal (V)

PS 15/4 Betalingssatsar kulturskulen 2015

Forslag til vedtak:

Betalingssatsar for Midsund kulturskule aukast frå 01.08.2015. Satsane blir som følgjer:

1/ 1 undervisning per år/ semester:	kr. 2700/ 1350	(tidlegare: 2600/ 1300)
Rabatt ved deltaking i fleire aktivitetar:	25 %	(som tidlegare)
Søskenmoderasjon:	25 %	(som tidlegare)
Gruppeundervisning per år/ semester:	kr. 2000/ 1000	(tidlegare: 1950/ 975)
Instrumentleige per år/ semester:	kr. 600/ 300	(tidlegare: 520/ 260)

Tidsavgrensa kurs får eigne betalingssatsar, som samsvarer med kostnadene ved å arrangere kurset. Det kan også lagast eigne satsar for kor og korps.

Vedtak i Oppvekst- og kulturutval - 02.02.2015

Samrøystes vedtak i Oppvekst- og kulturutvalet 02.02.2015

Samrøystes vedtak i Formannskapet - 02.02.2015

Administrasjonen sitt forslag til vedtak vart vedteke.

Samrøystes vedtak i Kommunestyret - 12.02.2015

Betalingssatsar for Midsund kulturskule aukast frå 01.08.2015. Satsane blir som følgjer:

1/ 1 undervisning per år/ semester:	kr. 2700/ 1350	(tidlegare: 2600/ 1300)
Rabatt ved deltaking i fleire aktivitetar:	25 %	(som tidlegare)
Søskenmoderasjon:	25 %	(som tidlegare)
Gruppeundervisning per år/ semester:	kr. 2000/ 1000	(tidlegare: 1950/ 975)
Instrumentleige per år/ semester:	kr. 600/ 300	(tidlegare: 520/ 260)

Tidsavgrensa kurs får eigne betalingssatsar, som samsvarer med kostnadene ved å arrangere kurset. Det kan også lagast eigne satsar for kor og korps.

PS 15/5 Finansiering - ny P - plass ved friluftsområdet Rørsethornet i Rakvåg - 63/106.

Forslag til vedtak:

1. Midsund kommunestyre løyver kr. 350.000 til å finansiere prosjekt 478 Fjellsenden P-plass.
2. Finansierte ved auka låneopptak.

Behandling i Formannskapet - 02.02.2015

Det vart lagt fram alternativt forslag til vedtak:

1. *Midsund kommunestyre løyver kr 350.000 til å finansiere prosjekt 478 Fjellsenden P-plass.*
2. *Bruk av bundne investeringsfond (Fjellsenden P-plass) kr. 10.000,-*
3. *Finansiert ved auka låneopptak kr 340.000,-*

Samrøystes vedtak i Formannskapet - 02.02.2015

1. Midsund kommunestyre løyver kr 350.000 til å finansiere prosjekt 478 Fjellsenden P-plass.
2. Bruk av bundne investeringsfond (Fjellsenden P-plass) kr. 10.000,-
3. Finansiert ved auka låneopptak kr 340.000,-

Samrøystes vedtak i Kommunestyret - 12.02.2015

1. Midsund kommunestyre løyver kr 350.000 til å finansiere prosjekt 478 Fjellsenden P-plass.
2. Bruk av bundne investeringsfond (Fjellsenden P-plass) kr. 10.000,-
3. Finansiert ved auka låneopptak kr 340.000,-

PS 15/6 Midsund kommune - språkleg nøytral

Forslag til vedtak:

Nynorsk skal vere administrasjons- og tenestemål i Midsund kommune.

Behandling i Formannskapet - 02.02.2015

Ordføreren la fram alternativt forslag til vedtak:

Midsund kommune sitt administrasjonsspråk skal være språknøytralt.

Ved alternativ røysting vart ordføreren sitt forslag til vedtak vedteke med 3 mot 2 røyster.

Vedtak i Formannskapet - 02.02.2015

Midsund kommune sitt administrasjonsspråk skal være språknøytralt.

Behandling i Kommunestyret - 12.02.2015

Senterpartiet fremja administrasjonen sitt forslag til vedtak:

Nynorsk skal vere administrasjons- og tenestemål i Midsund kommune.

FRP la fram forslag:

1. *Midsund kommunes administrasjonsspråk skal være språknøytralt, og det skal være opp til den enkelte ansatte selv å velge sin egen målform.*
2. *Midsund kommunes tjenestespråk skal være språknøytralt. I samsvar med "§5 i Mållova" vil det være administrasjonen sitt ansvar å gjøre dette kjent overfor statsorganene ved departementet.*

Det var to prøverøystingar over dei tre forslaga, der den første prøverøystinga vart kjent ugyldig og dermed vart det ny prøverøysting.

Formannskapet sitt forslag til vedtak vart samrøystes nedstemt.

Senterpartiet sitt forslag til vedtak vart nedstemt med 9 mot 8 røyster.

FRP sitt forslag til vedtak vart vedteke med 9 mot 8 røyster.

Vedtak i Kommunestyret - 12.02.2015

1. Midsund kommunes administrasjonsspråk skal være språknøytralt, og det skal være opp til den enkelte ansatte selv å velge sin egen målform.
2. Midsund kommunes tjenestespråk skal være språknøytralt. I samsvar med ”§5 i Mållova” vil det være administrasjonen sitt ansvar å gjøre dette kjent overfor statsorganene ved departementet.

Møtet vart heva kl 18.05.